

Traktor knekte høgspennstolpe

29.07.2009



Det vart ein kraftig samanstøyt mellom traktoren og stolpen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heile dalen vart utan straum etter at ein traktor hadde knekt ein stolpe på høgspennlinja over Døsland ved 18-tida onsdag ettermiddag.



[Traktorføraren makta ikkje å vri traktoren inn på vegen att før det smalt. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Traktorføraren var på veg ned bakken i retning Heio då han mista styringa og kom for langt ut på vegkanten. Han makta heller ikkje å vri traktoren inn på vegen att og køyrde rett inn i stolpen slik at han knakk tvers av og hamna inne i vegbana. Heldigvis vart ikkje føraren skada og truleg er det heller ikkje nemneverdige skader på traktoren.

Den kraftige samanstøyten førte lukkelegvis heller ikkje til at det vart nokon farleg situasjon på grunn av leidningane.

Kvinnherad Energi kom raskt til staden og gjorde dei nødvendige koplingar men kor lang tid straumbrotet vil ta er uvisst.

Av Ola Matti Mathisen